

Smitteverntiltak

Vi veit at pandemien ikkje er over, og vi veit ikkje til alle tider kvar smitten er, så derfor er det viktig at vi alle gjer seg kjende med tiltaka (sjå også vedlegga frå NBF) og og gjer sitt beste når det gjeld å følgje dei. Dessutan, bli heime om du føler deg sjuk.

- Møt opp til turneringa i god tid, unngå kø ved inngang og ved servering, ikkje klynger i lokalet eller ute.
- Sprit eller vask hendene godt før du går inn i lokalet og bruk handsprit regelmessig under turneringa.
- Host og nys i armkroken, bruk helst papirlommetørkle som du kastar i søppeldunken.
- Hald avstand - 1 meter er minst ein meter.
- Nord styrer bridgematen, og N eller S hentar og leverer korta. Turneringa er fulldublert.
- Ø - V har ansvaret for å tørke av borda og bridgematen etter kvar runde.
- Ta med meldeboksen til neste bord, du brukar berre ein meldeboks heile turneringa.

Held alle seg til desse reglane vonar vi at alle skal føle at det er trygt å delta. I tillegg må alle ha oppdatert profilen sin (rett mobilnr og adr) på NBF sine sider i tilfelle smittesporing i ettertid.

Krinsstyret